

Jørn Røddølen (sendt inn 01.06.2023)

Tankar om tiltak for å bevare ei livskraftig villreinstamme i Rondane/Dovrefjell.

Det hastar no med å ta nokre grep når det gjelder det viktige trekket over Ula og vegen mellom Mysuseter og Rondvassbu.

Forslag til tiltak:

Vegen mellom Tjønnbakken og Rondvassbu stenges for vanlig trafikk.

I villreinjakta kan jegerane bruke vegen og parkeringsplassen på Spranget.

Under utrykning/bergingsaksjonar kan politi og røde kors sjølvsagt bruka heile vegen inn til Rondvassbu.

Syklane på Spranget må vekk. Sykling i nasjonalpark burde være forbudt.

For dei som er nøgde med å betrakte Rondane på avstand, må det byggjast eit utsiktpunkt på innsida oppe på Ranglarhø. Det er frå der ein har beste utsikten inn mot fjella. Her må det opparbeidast ein parkeringsplass for dei som vil/må kjøre. Vidare med gang/rullestolveg opp til utsikten. Dei sprekaste kan gå til fots frå p.plass på Mysuseter.

For dei som vil inn til Rondvassbu, enten dei vil på toppane eller vidare nordover mot Dørålen, går det skyttelbuss direkte inn til Rondvassbu. Likeeins fram att til Mysuseter. Dette gjelder også dei som berre vil inn i Rondvassbu for å få seg litt mat og kaffe.

Det som nå står att som hinder for vidare trekk vestover, er T-råket mellom Rondvassbu og Per Gynt. Tykjer det er dramatisk å taka det ut i fyrste omgang. Det er vel eit alternativ å ta trafikken til Per Gynt på råket frå Mysuseter.

Vert spennande å sjå kor det går.

KOM I HOG DÆ VIKTOGASTE : DÆ Æ FOLKELUFTE SOM MÅ BURT !!!

Råket mellom R. v. bu og Per Gynt.

Radio-merke noen dyr i kvar hop, vekk.